



# Land og bruk

Nummer 1 - 2013

Februar 2013

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

## Nyttig informasjon

### Landbrukskonferansen 2013

Konferansen blir arrangert **5.-6. mars** på Quality Hotel Residence i Sandnes.

**Frist for påmelding er mandag 18. februar!**

### Ledig stilling

Ved Fylkesmannens landbruksavdeling er det ledig fast stilling som rådgivar/seniorrådgivar innan samfunnsplanlegging og arealforvaltning.

[Les heile lysningsteksten](#)

### Personalendringar

#### Slutta

**Robijne Verstegen** sluttar hos Fylkesmannen i april. Ho går over i stilling som fagleiar LNF i Sandnes kommune.

#### Nytilsette

**Linn Borsheim** er tilsett i fast stilling som rådgivar. Fram til sommaren vil ho ha oppgåver innan arealforvaltning og tilskotsforvaltning. Etter sommaren vil ho i hovudsak arbeide med tilskotsforvaltning.

**Annabell Pfluger** er tilsett som rådgivar i ein prosjektstilling ut 2014. Ho skal arbeide med økologisk landbruk.



*Vær ikke redd for å ta et langt steg når det er nødvendig.*

*Du kan ikke ta deg over en kløft i to små hopp.*

*David Lloyd George*

## Arrangementskalender

**28. februar**

**Kurs i bygging av reinseparkar**

Stad: Jærmuseet, Nærbo

Kontaktperson: Monica Dahlmo

**1.-2. mars**

**Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk**

Stad: Gamla Værket, Sandnes

Kontaktperson: Annabell Pfluger

**5.-6. mars**

**Landbrukskonferansen 2013**

Stad: Quality Hotel Residence, Sandnes

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

**12. mars**

**Fagdag - Bruk av jordsmonnsdata**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Dagfinn Hatløy

**12.-13. mars**

**Fagdag om drenering (Nordfylket)**

Stad: Vindafjord

Kontaktperson: Nono Dimby

**14.-15. mars**

**Fagdag om drenering (Sørfylket)**

Stad: Særheim

Kontaktperson: Nono Dimby

**8. mai**

**Dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning**

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

**13. august**

**Kurs i RMP**

Kontaktperson: Monica Dahlmo

## Landbruksdirektørens hjørne



### Saman om løysing av krevjande oppdrag

v/Hadle Nevøy

Så er vi godt i gang med eit nytår med nye moglegheiter og oppgåver. Mykje av arbeidet vårt, både i kommunane og hos Fylkesmannen, blir som før, men noko vil også bli forskjellig frå tidlegare år.

På landbruksområde har vi store og krevjande oppgåver. Fylkesmannen har ved fleire høve minna om kommunane sine roller i gjennomføring av landbrukspolitikken, også på denne plassen i førre Land og bruk. Det er, etter oppdrag frå regjeringa, vår oppgåve og plikt å følgje opp kommunane på dette området og sjå til at oppgåvene blir gjort. Så lenge dette oppdraget er så tydeleg, vil vi måtte gjenta denne bodskapen i vår dialog med kommunane.

Eg har stor forståing for at fleire av dykk føler at vi retter bodskapen til feil adressat når vi stadig minner dykk om dette. Det er mange oppgåver som skal gjerast i landbruksforvaltinga, og eg veit at det er vanskeleg å få tid til å gjøre alt som blir venta om ikkje vi frå Fylkesmannen i tillegg skal mase om endå meir krevjande oppgåveløysing. Eg veit av eigen erfaring at det er vanskeleg å nå fram med landbrukssektoren sine behov i kampen om budsjettmidlane i kommunen. Eg meiner heller ikkje at det er direkte uvilje i kommunane til å bruke midlar til styrking av landbrukskontora, men det er for dei fleste slik at summen av alle behova overstig dei ressursane som er til rådvelde. Dermed blir det knallhard prioritering, og dei mest synlege behova når betre fram. Derfor kan eg love at vi frå vår side også vil vere tydelege på behovet for kapasitet og kompetanse på landbruksområdet i vår dialog med både rådmenn og ordførarar.

I tillegg til kapasitetsutfordringane, registrere vi at fleire føler seg lite komfortable med å utføre dei mest krevjande oppgåvene, spesielt knytt til kritisk vurdering av innkomne søknadar og kontroll med tilskots-ordningar. Landbruksmiljøet i dei fleste kommunane er ofte kjenneteikna av at alle kjenner alle, og det har tradisjonelt vore nær kontakt mellom tilsette på landbrukskontora og bøndene. I tillegg er det også ofte nære private relasjonar, familie, vennekrets, tilknyting til same organisasjonar på fritida m.m. Oftast har vi å gjere med relasjonar som ikkje vil føre til at vedkommende blir ugild etter lova, men der det likevel er naturleg å føle motvilje mot å gå djupt inn i oppgåvene. Dersom den som skal gjøre oppgåva i tillegg føler seg utrygg, enten på grunn av manglande fagleg kompetanse, på grunn av manglande erfaring i utøving av rolla eller på grunn av usikker ryggdekking frå eigne leiatar, blir det ekstra krevjande.

Fylkesmannen skal vere eit kompetansesenter for kommunane, og vi har derfor ei viktig oppgåve i å rettleie kommunane i forvaltinga av økonomiske og juridiske verkemiddel innanfor jordbruk og skogbruk. Denne oppgåva har høg prioritet hos oss, og vi vil gjøre vårt beste. Vi sit ikkje med alle svara og løysingane i dag, men via god samhandling med dykk og med SLF og departementet skal også vi bli betre. Når vi har forventingar til kommunane om å gå inn i krevjande oppgåver, så skal også kommunane kunne krevje av oss at vi skal kunne tilby rettleiing og kompetansebygging på område som vil vere kritiske for oppgåveløysinga. Kom gjerne med forslag til tema på kompetansetiltak.

Kommunane og Fylkesmannen må gå saman om gjennomføring av landbrukspolitikken. Landbruket betyr mykje for dei fleste kommunane i Rogaland, og oppslutninga om landbrukspolitiske tiltak vil derfor også vere viktig for kommunane. Derfor er det avgjerande viktig at vi tek forvaltingsoppgåvene våre på største alvor og at vi har tillit både i næringa og blant politikarane.

Eg har god tru på at vi saman skal klare å utføre desse oppgåvene. Landbruket treng brei oppslutning og ingen skal ha grunn til å tvile på at vi som arbeider i forvaltinga gjer vårt beste for å bidra til dette.

Lukke til!



Foto: Sissel C. Endresen

## Grøfting og tilskot til grøfting i 2013

I 2013 fekk Rogaland løyvd kr 5,1 millionar øyremerka til grøftetiltak på dyrka jord. Forskrifta om tilskot til drenering vil ikkje være klar før tidlegast i mai 2013. Interessa for ordninga er likevel stor i næringa. Dette gir håp om mykje aktivitet i 2013.

Ordninga med dreneringstilskot skal administrerast gjennom SMIL-ordninga, men det ikkje opning for å løyve midlar til drenering gjennom SMIL-forskrifta. Alle søknader om drenering skal handsamast etter ei eigen forskrift. Denne forskriften som Landbruks- og matdepartementet no arbeider med vil bli sendt på høyring så snart eit forslag er klart.

I arbeidet med forskriften skal det mellom anna vurderast:

- om ordninga berre skal gjelde drenering av tidlegare dyrka mark
- om tilskotet skal gjelde for både systematisk og usystematisk drenering
- om høgaste utbetalte beløp for dreneringsinnsats skal vere kr 1000 per dekar
- om det skal settast ei nedre grense for samla utbetalte tilskot (minst 5 – 10 000 kr)
- om kva omsyn ein må ta for å sikre eventuelle kulturminnar i jord som skal drenerast
- om kommunen og kanskje landbruksrådgivinga vil få oppgåver i forvaltning og planlegging

Følgjande er allereie avklart:

- det vil ikkje bli opna for å gje tilskot til drenering i samband med nydyrkning
- dreneringstiltak som er starta før tilskot er løyvd, kan ikkje rekne med å få tilskot

Forvaltninga kan følgjeleg ikkje handsame og løyve dreneringsmidlar før forskriften er vedteken.



Foto: Nono Dimby

Vinteren er ei særslig høveleg tid for drenerings-tiltak i mange jordartar.

Difor er det forståing for at mange bønder er interesserte i å starte eit naudsynt dreneringsarbeid snarast råd. Å investere i god drenering på ei vassjuk jord er, uavhengig av tilskot, viktig for å sikre plante-produksjonen i auka mengde og kvalitet, og dermed omsyn til miljø også skal ivaretakast.

### Dårleg drenert jord

- seinare opptørking av jord
- seinare vekst om våren
- større ugrasproblem, vanskelege køyre-forhold
- auka jordpakking
- därlege vekstforhold i jorda
- lågare avlingar og av dårligare kvalitet
- dårligare utnytting og tap av tilført gjødsel

### Godt drenert jord gjer mellom anna

- at kulturplantene veks godt og er meir motstandsdyktig mot skadegjera
- at utnyttinga av tilført gjødsel aukar
- raskare og gode nedbrytningsprosessar i jord
- enklare drift og auka fleksibilitet der ein blir mindre avhengig av veret
- reduserer problema med jordpakking

Ei jord i god dreneringstilstand er ein føresetnad for blant anna god plantevokst, gode driftsforhold, god utnytting av tilført næringsstoff og redusert avrenning av næringsstoff.

Kontaktperson: Nono Dimby

## Rettleiar for behandling av dispensasjonssøknader etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen i Vestfold har laga ein nyttig rettleiar for kommunane si behandling av dispensasjonssøknader etter PBL i strandsona.

[Rettleieren](#) er tilgjengeleg på nettstaden [Planportalen Vestfold](#). Under denne portalen er det samla nyttig informasjon om behandling av ulike plansaker. Portalen er i første rekke for Vestfold, men det er mykje generell informasjon som også er nyttig for oss i Rogaland.

Kontaktperson: Robijne Verstegen

## Tilskott til avløsing ved fødsel – gradert uttak av foreldrepengar

**Retten til tilskott til avløsing ved fødsel er knyta til søkeren i det tidsrom ho eller han mottek foreldrepengar etter folketrygdelova.**

Mora og faren kan søkje om tilskott til avløsing i dei vekne den enkelte mottek foreldrepengar. Før avløsing ved fødsel startar, må det avtalast om det skal vere 100 % dagsats i 47 veker eller 80 % dagsats i 57 veker. Det må avtalast same %-del som det er avtalt med NAV for utbetaling av foreldrepengar.

### Nytt frå og med 1. januar 2013

Det er no mogleg å nytte gradert uttak av avløysartilskott ved fødsel. For barn født etter 01.01.2013 vil det vere mogleg å nytte gradert uttak av foreldre-penger (tidskonto). Det må nyttast same graderte uttak som det som er godkjent av NAV. Foreldrepengar må takast ut innan tre år etter fødselen.

Maksimal dagsats for tilskott til avløsing ved sjukdom mv. blir auka til 1 400 kroner frå og med 1. januar 2013.

Kontaktperson: Maja Stanojevic



Foto: Monica Dahlmo

## Tilskotsområda for miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel er utvida

**Fleire får no sjansen til å søkje tilskot til bruk av miljøvenlege spreiemetodar for husdyrgjødsel. Utvidinga omfattar heile Vindafjord kommune og store delar av Jæren.**

Tilskot til miljøvenleg spreiling var eit prøveprosjekt i nasjonal regi som no blir overført til Regionalt miljøprogram. Saman med ansvaret fekk Rogaland 8 millionar kroner som skal brukast til å utvide ordninga til nye område.

- [Lenke til meir informasjon om ordninga og dei nye områda](#)

Kontaktperson: Monica Dahlmo



Foto: Arne J. Lyshol

## Infobrosyre om potetcystenematoder

**Mattilsynet har, saman med Bioforsk Plantehelse, gitt ut ein informasjonsbrosyre om PCN.**

Potetcystenematode, eller potetal som den og blir kalla, øydelegg potetavlingar totalt. Smittestoffet kan halde seg levande i jorda i 40 år. Det er fleire potetprodusentar på Jæren som fått 40 års karantene på smitta areal.

Mistanke om PCN skal meldast til Mattilsynet.

- [Informasjonsbrosyre om potetcystenematoder \(PDF-fil\)](#)

## Forslag til endringar i jordlova og odelslova er ute på høyring

**Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag om vesentlege endringar i jordlova og odelslova. Høyringsfrist er 7. og 6. mars.**

Jordlova er ein "bauta" innan norsk eigedomslovgiving. Det er ei lov som har vore avgjerande for eigedoms-, og bruksstrukturen i landbruket, og for korleis landet og kulturlandskapet vårt faktisk ser ut

Odelslova er forankra i vår historie og grunnlov.

Det er viktig at kommunane i Rogaland gir uttale og nyttar høve til å formidle til nasjonale styrersmakter dei erfaringane vi har, og kva konsekvensar ein lokalt meinar dei nye forslaga vil gje.

- [Høyring – Endringar i jordlova § 12](#)
- [Høyring – Endringar i odelslova](#)

Kontaktperson: Dagfinn Hatløy

## Søk om midlar til klima- og miljøtiltak

Nytt frå 2013 er at Fylkesmannen i Rogaland har kr 400 000 til prosjekter som kan bidra til å løyse våre klima- og miljøutfordringar knytt til jordbruket. Frist for å søkje er 15. mars.

Dei regionale midlane kjem i tillegg til nasjonale midlar, og erstattar fylkesvise informasjonsmidlar til miljø. Mindre, og meir lokalt tilpassa prosjekt vil prioriterast fylkesvis. For større prosjekt med nasjonal overføringsverdi, tilrår vi at det blir søkt om midlar frå Statens landbruksforvaltning. Sjå [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no).

NB! Frist for å søkje støtte frå nasjonalt klima- og miljøprogram er 15. februar.

Søknader som understøtter strategiar i Regionalplan landbruk om miljø- og klimatiltak i jordbruket vil bli prioritert.

For 2013 ønskjer vi særskilt å få inn søknadar på følgjande område:

- Fellestiltak som mobiliserer jordbruket til auka miljøinnsats
- Prosjekt som kan belyse:
  - o Situasjonen kring avrenning frå bruk av plansiloar i Rogaland
  - o Avlingsnivå på areal kor det er etablert miljøavtalar
  - o Kartlegging av behov for reinseparkar i nedslagsfelt til sårbare vassdrag

Fylkesmannen vil maksimalt gi tilskot inntil 70 % av prosjektet si totale kostnadsramme. I særlege tilfelle kan det bli gitt tilskot utover dette.  
Sjå rettleiing til utforming av søknad.

## Rettleiing til søknad om tilskot frå Klima- og miljøprogrammet

**Søknaden må minst innehalde følgjande:**

1. Grunnopplysningar:
  - a. Prosjekteigar: Namn, organisasjonsnummer, Adresse, postnr, poststed, kontonummer, telefonnummer og e-postadresse
  - b. Kontaktperson: Namn på kontaktperson/ansvarleg for prosjektet
  - c. Namn på eventuelle samarbeidspartnarar
2. Prosjektet sin tittel
3. Prosjektperiode
4. Prosjektet sine mål, eventuelt delt inn i hovudmål og prosjektmål
5. Prosjektomtale:
  - a. Bakgrunn
  - b. Kva skal gjerast og korleis tenkjer de å gå fram?
  - c. Framdriftsplan
6. Økonomi.
  - a. Kostnadsoverslag
  - b. Finansieringsplan

**Søknaden skal sendast per post eller e-post til:**

Fylkesmannen i Rogaland  
Landbruksavdelinga  
Postboks 59 sentrum  
4001 Stavanger

E-post: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

**Frist for å søkje:** 15. mars.

Kontaktperson: Monica Dahlmo



Foto: Arne J. Lyshol



Foto: Kari Sand

## Rogaland som del av Fjord-Noreg på Grüne Woche i Berlin

**Rogaland saman med Hordaland, Sogn- og Fjordane og Møre- og Romsdal delte stand på Grüne Woche i Berlin. Her spelte både lokalmatprodusentar, kokkar, Fylkesmenn, Innovasjon Norge og reisedestinasjonar frå alle fire fylka på lag for å marknadsføre Fjord-Noreg.**

Freistigar frå Rogaland som hjortepølse frå Nesheimstunet, laks frå Mikals Laks, rabarbrasuft frå Köhler-Paviljongen, is frå Iskremgarden, Jærost frå Voll ysteri og kjøtt frå Pima Jæren lokka besökande til standen. Produsentar og produkt blei nøyne valt ut av standkoordinator Åse Hodne Hørsdal og matattaché Gunnar Nagell Dahl.

For ein Euro fekk besökande kjøpt seg smaksbitar som Vidar Skjerahaug frå Jæren hotell og kollegane hans frå dei andre fylka laga. Det var fokus på å profilere Fjord Noreg som reisemål og mange kilo med reisebrosjyrar blei delte ut.

Kontaktperson: Annabell Pfluger

## Kartlegging av dyrkbar jord

**Skog og landskap skal no i gang med eit prosjekt for å oppdatere informasjonen om dyrkbar jord.**

Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrkning kan setjast i ein slik stand at den vil halde krava til fulldyrka jord og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrkning. Den informasjonen som finst om dyrkbar jord er ikkje oppdatert. Dette ønskjer Skog og landskap å gjere noko med.

Dei skal starte opp eit utviklingsprosjekt for å oppdatere informasjonen om dyrkbar jord. Dei skal mellom anna nytte informasjon frå oppdaterte arealressurskart AR5.

Meir [informasjon om prosjektet](#) finn du på nettsidene til Skog og landskap.

## Naturmangfaldlova og handsaming av klager

**Statens landbruksforvaltning er klageinstans for avslag eller løyver etter naturmangfaldlova sin § 55. (meldeplikt for jordbruksstiltak).**

Meldeplikta gjeld i område med [utvalde naturtyper](#). Per i dag har følgjande naturtyper status som Utvald naturtype: Slåttemark, slåttemyr, kalksjøar, kalklindeskog og hole eiker. I tillegg er kystlynghei føreslått som utvald naturtype. Meldeplikta omfattar alle jordbruksstiltak som ikkje blir handsama etter anna regelverk (t.d. nydyrkingsforskrifta), og som vil kunne påverke naturtypen negativt. Eit døme vil vere oppgjødsling av utmark med mineralgjødsel.

Landbruksføretaka må melde kommunen. Meldinga må opplyse om kven som er tiltakshavar, kortfatta omtale av tiltaket og kart. Søknaden bør også innehalde ei vurdering av korleis tiltaket vil påverke naturtypen. Kommunen må innan tre veker vurdere om dei skal tillate eller nekte tiltaket. Blir avslaget/ løvet påkla, er det Statens landbruksforvaltning som skal handsame klagen.

Klager etter § 54, meldeplikt for **skogbrukstiltak**, skal handsamast av Direktoratet for naturforvaltning.

Kontaktperson: Monica Dahlmo



Foto: Nono Dimby

## Abonner på nyhende

**Fylkesmannen har fått ny nettstad og vi har fått tilbakemeldingar på at det ikkje er så lett å finne fram på dei nye sidene.**

For å vere sikker på at du informasjon om saker vi legg ut, kan det vere nyttig å [abonnere på nyhende](#). Du vil då få varsel på e-post kvar gong vi legg ut saker på dei fagområda du er interessert i.